



KONSERTINFORMASJON

Rikskonsertenes
Skolekonsertordning


Vår Herre snakker ikke dansk i Gildeskål

Musikk i Nordland

Nordland Teater

Kultur i Troms

Rikskonsertane



Turneen er et samarbeid mellom

RIKSKONSERTENE

 **Nordland**
FYLKESKOMMUNE
Musikk i Nordland



KONSERTINFORMASJON

Vår Herre snakker ikke dansk i Gildeskål

OM PROGRAMMET:

I 2011 er det 175 år siden Elias Blix frå Gildeskål i Nordland blei født.

Blix er ein av Noregs største salmediktare, og er den salmediktaren som har flest salmar i Norsk Salmebok frå 1984. Blix sine salmar blei veldig populære, og nokre av dei mest kjende salmane er "Med Jesus vil eg fara", "No livnar det i lundar" og Fedrelandssalmen "Gud signe vårt dyre fedreland". Til 60-årsdagen sin i 1896 skreiv Blix *barndomsminne fra Nordland*, og fram til i dag har *Å, eg veit meg eit land* vore eit samlingsmerke for nordlendingar. Her møter vi Blix si sterke kjærleik til naturen og til heimbygda.

Musikk i Nordland feirer denne store nordlendingen med ein jubileumskonsert hausten 2011, i samarbeid med Kultur i Troms, Nordland Teater og Rikskonsertane. Her får salmeskatten etter Blix nye og spenstige tonar frå sambygdingen Håvard Lund. Komponisten har fått boltre seg med ein norsk og ein indisk folkesongar, ein pakistansk perkusjonist,- kjent for sitt tabla-spill, ein pakistansk fløytist og sist men ikkje minst,- MiNensemblet frå Landsdelsmusikarane i Nord-Noreg.

I tillegg til å være ein stor salmediktar satte Elias Blix sitt preg på utviklinga av det norske samfunnet på 1800-talet på andre måtar. Han var teolog, vitskapsmann, professor i hebraisk, bibelomsetjar og politikar.

I denne konsertforestillinga vert du kjend med personen Blix gjennom dattera Marie, som fortel om sin far. Vi får glimt av ein lutfattig barndom, klassereisa frå bondegut til statsråd, oppdaginga av sitt eige språk og draumen han målbar: om eit uavhengig Noreg, om polare bragder, om eit heilt nytt språk, om jernbane til Arkhangelsk og om barndomslengslane som måtte ligge under. "Ei lysande strand mellom høgfjell og fjord" handlar ikkje om badestranda på Huk...

"Det tok lang tid før salmane til Blix blei tekne i bruk i heimekyrkja hans. Ved ei avrøysting i 1908 var det klart fleirtal mot å ta dei i bruk i kyrkjene i Gildeskål. Men ved hundreårsjubileet i 1936 var Blix endeleg blitt profet på heimstaden sin òg, og sambygdingane slutta mannjamt opp." (<http://eliasblix.no/wips/2050028744/>).

- Vi ser fram til å besøke Blix sine heimtrakter med nykomponerte Blix-salmar i anledning 175-årsjubileet til Blix, og håper sambygdingane sluttar opp om Elias Blix som ved forrige jubileum!

OM UTØVERNE:

MiNensemblet



MiNensemblet frå Musikk i Nordland er eit ettertrakta kammerensemble i inn- og utland, og har spilt i konsertseriar og på festivalar i Tyskland, Tsjekkia, Russland og Italia, i tillegg til i dei skandinaviske landa. Basen er likevel Narvik i Nordland, der dei turnerar med varierte besetningar og program. Kvalitet, allsidighet og mobilitet pregar MiNensemblet, noko som har ført til eit stort og trofast publikum. Repertoaret har dynamikk og breidde, som spenner frå tidleg musikk til samtidsmusikk.

MiNensemblet si CD *OleBullshits* mottok høsten 2006 strålande kritikkar med utsegn som "Eminent lek med gamle kjenningar", "Herlig radbrekking" og "Dette er tøft som fy!" I april blei den nyaste CDen med musikk av Bodø-komponisten Fridthjov Anderssen lansert.

Musikerane i MiNensemblet har også tittelen "landsdelmusiker", og er ein del av Landsdelsmusikerordninga i Nord-Noreg som feiret 30-års jubileum i 2009. MiNensemblet er ein del av Musikk i Nordland, Nordland Fylkeskommune.



Håvard Lund, - komponist, klarinett: (1970) er ein norsk jazzmusikar og komponist. Han fullførte musikklinja ved Mosjøen Videregående skole i 1989, og studerte deretter ved Jazzlinja på NTNU. Håvard Lund er også kjend som medlem i Farmers Market (1991-1996) og Frode Fjellheim sitt "Jazzjoik ensemble", senere Transjoik. Han var årets festspelar for Festspillene i Nord-Norge 2006, og i perioden 2002-2007 medlem av Divisjonsmusikken i Harstad. Videre var han Artist in Residence ved Kultur i Troms 2007-2008, der han har vore tilsett sidan som Landsdelsmusikar



Stig Bang- Manusforfatter

Stig Bang er forfatter og forteljar. Han var tilsett ved Nordland Teater på 80- og 90-talet, som scenepotet og dramaturg. I ein periode også som 1/3 teatersjef. Stig Bang har skrivne for teater og fjernsyn, og begår også bøker. Han jobber til dagleg med formidling på nett i Nasjonalbiblioteket.



Unni Løvlid- Vokal

UNNI LØVLID kjem frå Hornindal i Sogn og Fjordane. Unni er en av Norges fremste folkesongarar. Ein alsidig musiker med stor erfaring med prosjekt innafor norsk folkemusikk, samtidsmusikk og elektronika. Ho har lansert tre soloalbum; So ro liten tull, VITA og RITE. Ho har spilt med musikare som Frode Haltli, Hild Sofie Tafjord, Lene Grenager, Håkon Kornstad, Terje Isungset, Rolf-Erik Nystrøm, Becaye Aw, Anhua Dongliang, Harpreet Bansal, Thomas Strønen, Steinar Ofsdal, ulike kor, ensemble og orkester.

Unni er medlem av trioen "Seven winds" sammen med Rolf-Erik Nystrøm og Becaye Aw, og trioen "RUSK" sammen med Frode Haltli og Vegar Vårdal.

For meir informasjon sjå: www.myspace.com/unnilovlid og www.unni.no



Sunanda Sharma- vokal

Sunanda Sharma lærte sang av far sin frå 5-årsalderen. Seinare studerte ho hos gurun Padma Bhushan Dr. Girija Devi ji, og ho har sin mastergrad frå Punjab University i Chandigarh.

Sunanda Sharma har konsertert både med sin guru og som soloartist over heile India, og besøkt land i Europa og USA. Ho har undervist årleg ved University of London, Oriental Studies. Sunanda Sharma sin spesialitet er Khayal, Tappa og Tumri. Som akkompagnement til Sangen sin, brukar ho strengeinstrumentet tampura.
<http://www.sunandasharma.com>



Jai Shankar (1980-) – perkusjon/ tabla:

er født i indisk Punjab i 1980, men har bodd i Noreg i 24 av sine oppvekstår. Allerede som fireåring kom han i tablalære hos Pandit Rama Kant og blei som åtteåring den yngste musiker som nokon gång har turnert med Rikskonsertane. Med sin solide plattform har Jai Shankar vise stor openheit til å eksperimentere med norske musikare innen fleire sjangre. Han har spelt med folk som Bendik Hofseth, Jon Balke, Ingebrigt Håker-Flaten, Stian Carstensen, Javid Afsari Rad, Knut Buen og Hari Prasad. Jai Shankar ga ut si første soloplate Shankar of Norway i 2000. Under åpninga av Oslo World Music Festival i 2003 blei han tildelt jubileumsprisen TONO 75 år for si innsats for å byggje bru mellom østleg og vestleg musikk.



Ingvild Holthe Bygdnes er nyleg uteksaminert frå

Teaterhøgskulen i Oslo. Ingvild er frå Harstad og født 1986. Ho har gjort filmroller, danseroller, jobba som danseinstruktør, og laga bestillingsverket "Til tross for på Trass". Ho er engasjert av Nordland Teater fram til hausten 2012.



Akmal Qadri, son av den legendariske fløytemaestroen Ustad Alla-Ditta Qadri, er ein av få klassiske fløytistar frå Pakistan.

Han har lært fløytespel av sin far og starta tidleg å spille konsertar, og markerte seg som en god muskar både innafor klassisk musikk og folkemusikk. Han har gjort mange konsertar og deltatt på festivalar både i Pakistan og resten av verden. Qadri underviser også på fløyte ved Lahore Chitrkar.



KONSERTINFORMASJON

Vår Herre snakker ikke dansk i Gildeskål

PRAKTISKE KONSERTFØREBUINGAR:

KORLEIS STYRKE KONSERTOPPLEVINGA:

Bruk konsertinformasjonen og informer elevar, skuleleiinga og lærare om innhald og praktiske opplysningar. Rikskonsertene har god erfaring frå skuler som bruker elevvertar og elevarrangørar. Sjå www.rikskonsertene.no/elevsarrangorer for meir informasjon.

Bruk også det vedlagte Bruk konserten-materiellet. Eierskapet til, og effekten av konserten aukar der besøket blir forankra i skulens undervisning og læringsmål. Sjå også boken Bruk konserten! for fleire undervisningsopplegg

www.rikskonsertene.no/brukkonserten

Velkommen til konsert!

Idè og opplegg: Håvard Lund, Stig Bang, Nordland Teater og Musikk i Nordland

Produsent: Elisabeth Fredriksen, Musikk i Nordland, Elisabeth Storjord, Musikk i Nordland



KONSERTINFORMASJON **Vår Herre snakker ikke dansk i Gildeskål**

PRODUKSJONSNR: 5656782

SPØRSMÅL OM TURNÉPLANEN:

TURNELEGGER VIBEKE FORSHAUG
MUSIKK I NORDLAND
TLF: 769 23 330
E-POST: VIBEKE.FORSHAUG.MIN@NFK.NO

SPØRSMÅL OM PROGRAMMET:

PRODUSENT BARN OG UNGE ELISABETH FREDRIKSEN
MUSIKK I NORDLAND
769 23 332
E-POST: ELISABETH.FREDRIKSEN.MIN@NFK.NO

FAKTA

Rikskonsertene har det helhetlige ansvaret for skolekonsertordningen i Norge og legger de faglige rammene for virksomheten. Skolekonsertene er statlig finansiert gjennom Kultur- og Kirkedepartementets budsjett. Fylkeskommunene har ansvar for turnéplanlegging og deler av konsertproduksjonen i sine respektive fylker. Kommunene abonnerer på Rikskonsertenes skolekonserter, en ordning som i dag omfatter 99,7 % av alle grunnskoler i landet. 600 000 barn får to årlige besøk av profesjonelle musikere på sine skoler. Den enkelte skole står som arrangør av skolekonsertene. Hvert år gjennomfører ca 800 musikere 10 000 skolekonserter i Norge.

Du finner mer informasjon på:

www.kultursekkeninordland.no



Rikskonsertenes Skolekonsertordning



KONSERTINFORMASJON Vår Herre snakker ikke dansk i Gildeskål

KORLEIS BRUKE KONSERTEN:

Barndomsminne fra Nordland

Ta utgangspunkt i heimesida som er oppretta for Elias Blix sitt 175-årsjubileum:

<http://www.eliasblix.no/>

Leit fram teksten til en av hans kjente salmer *Nordland* og les denne. Finn frem til den tradisjonelle Blix-salmen på internett og lytt til denne. Lytt så til Håvard Lunds nye tolkning av den samme salmen på www.kultursekkeninordland.no

Diskuter kva som er forskjellane i disse to versjonene. Stikkord; instrument, stemning, harmoniar, rytme. Blir budskapet anneleis ved bruk av nye tonar?

Fag: Norsk og musikk

Emne: Lytting, skriftlege tekstar

Målgruppe: 8.-10. årstrinn

Tidsramme: ca. 1 time

Ressursar: konsertinformasjon, internett

Mål LK06:

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- gjenkjenne og beskrive musikalske stiltrekk frå improvisert musikk og rytmisk musikk
 - diskutere særtrekk ved rytmisk musikk, kunstmusikk og norsk, samisk og andre kulturar sin folkemusikk og gjere reie for egne musikkpreferansar
 - gjenkjenne og benevne forskjellige instrument og ensemble innafor ulike sjangere
 - lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og saksprega på bokmål og nynorsk: artikkel, diskusjonsinnlegg, formelt brev, novelle, forteljing, dikt, dramatekst og kåseri
 - orientere seg i store tekstmengde for å finne relevant informasjon
 - formidle munnleg og skriftleg eigne leseerfaringar og leseopplevingar basert på tolkning og refleksjon
 - vurdere estetiske verkemiddel i sammensatte tekster henta frå informasjons- og underhaldningsmedium, reklame og kunst og reflektere over korleis vi blir påverka av lyd, språk og bilete.

Kvifor:

- Elevane blir bevisste på at det finst varierte måtar å uttrykke seg på, og bearbeide og reflektere rundt ei oppleving.
- Elevane fordjupar seg i konsertens instrumentasjon, musikksjanger eller tema, gjennom refleksjon og samtale.





KONSERTINFORMASJON

Vår Herre snakker ikke dansk i Gildeskål

KONSERTENS TEMA

Elias Blix var en allsidig og spennende mann;

Livsreisa hans hadde ført han frå fiskarbondesamfunnet i utkant-Noreg og til høgborgarskapet i hovudstaden. Blix kunne like gjerne ha blitt fiskar og småbrukar på heimstaden, eller lærar i Nord-Noreg, eller prest på Vestlandet, eller han kunne reist til Amerika. Han levde i ei tid der det norske samfunnet endra seg raskt og gav større valfridom enn før.

(<http://www.eliasblix.no/wips/2050028744/>)

Ta utgangspunkt i konserten sitt tema, og diskuter temaet med elevane i klassen. Be elevane finne meir informasjon om temaet på Internett og i oppslagsverk, bruk gjerne biblioteket. Del elevane inn i grupper som skal belyse temaet frå ulike vinklar (til dømes Blix som nynorskmann, Blix som polititar, Blix sitt liv, Blix sine tekster.)

Elevane legg fram temaet, med si vinkling, for resten av klassa. Framlegga dannar grunnlag for vidare diskusjon rundt tema.

Fag: norsk, musikk

Emne: tema

Målgruppe: 8.-10. trinn

Tidsramme: inntil 3 timer

Ressursar: god plass, konsertinformasjon, internett, bibliotek

Kvifor:

Mål LK06:

- Elevane fordjupar seg i konserten sin instrumentasjon, musikk sjanger, eller tema, gjennom refleksjon og samtale.

